

Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Møterom syd, 7.etg Ålesund rådhus

Dato: 6.10.2017

Tid: 09-12.15

Møteleiar: Kim A. Breivik


Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	Skodje
Kjell Sindre Johansen	Haram
Bjørn Skulstad	Ålesund
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Kim A. Breivik	Sandøy

Saksliste:

1. Referat frå sist møte
2. Prosjektportalen
3. Kartlegginga
4. Ressurs, arbeidsmåte
5. Sak til fellesnemnda om ressurs til ny av forskrift, innleige av konsulent
6. Revisjon VA-norm 14-15.nov
7. Møteplan

Referat og konklusjonar:

1. Det var ikkje merknader til referat frå sist møte. Vi einige om å sette ein vekes frist for merknader til referat. Referat vert lagt i portalen, og deltakarane får varsel frå SharePoint.
2. Prosjektportalen.
Gjennomgang og demonstrasjon/ opplæring. Alle med unntak av Morten er kome inn. Morten sin tilgang er purra opp av Kim og Anne Berit. Portalen skal vere vårt hovudarbeidsverktøy. Eg anbefalar at alt blir produsert og lagra der, og ikkje på lokale



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

diskar. Vi ynskjer minst muleg epost. Denne blir først brukt til møtereferat og kartlegging (dokumenter), og i neste runde skal vi legge inn ususikkerheit (ROS) og oppgåver (prosjektplan) . Kalenderfunksjonen er dessverre begrensa og innkallingar vil kome som tidlegare i outlook. NB. Eg har no to e-postadresser (ei med @alesund.kommune.no og ein med @sandoy.kommune.no).

3. Kartlegginga.

Korleis tek vi det vidare? Vi er einige om at skjemaet er tilstrekkeleg i denne fasen, og at vi skal fylle det ut og legge inn i portalen før neste møte 3.11. Ålesund har fylt ut skjemaet og laster det opp i mappa i portalen. Legg gjerne org.plan etc med som vedlegg.

4. Ressurs, arbeidsmåte.

Kva ressursar har vi, kor mykje kan kvar enkelt sette av som arbeidstid til prosjektet? Fleire er med i andre delprosjekt og brukar allereie mykje tid på reform. Det er lite tilgjengelege ressursar i kommunane, og vi må legge opp til at vi har halv-/heildagsmøter ein gong pr. måned og at det blir tid nok i møta til å arbeide med oppgåvene. I forhold til området omfang og kompleksitet er det viktig å signalisere til prosjektleiinga at det ikkje er sannsynleg at vi kjem i mål med dei ressursane vi har tilgjengeleg i dag.

5. Sak til fellesnemnda om ressurs til ny av forskrift, innleie av konsulent.


Kim tek kontakt med koordinator og avklarar skrivning og oppmelding av sak om løyving til innkjøp av konsulent for harmonisering/nye forskrifter. Dette er venta å kome under terskelverdiane, og kan anskaffast ved ein enkel førespurnad til nokre få leleverandørar markedet. Sjekkast ut med innkjøpsavdelinga. Har kan vi truleg dra nytte av erfaring frå SAS eller Færder kommunene.

6. Revisjon va-norm 14-15.nov. Mi innstilling er at alle fem kommunane må vere med, med nok representantar til å faktisk få jobba ut ei felles va-norm for nye Ålesund, dette medfører at både fagfolket og beslutningstakarar må vere med. Dette er arbeid vi må gjere før 2020 uansett, og ved å bruke dette etablerte samarbeidet v. Tobias Dahle, kjem vi raskare til målet og slepp å bruke meir tid til det i delprosjektet.

7. Status er at Skodje og Sandøy var med sist og Ålesund var med som observatør.

Alle kommunane vil vere med på revisjonsarbeidet 14-15.nov. Vi sett opp neste møte i A9 som eit utvida møte for å gå gjennom VA-Norma, utfordringar og innstilling ift. Revisjonarbeidet. Møtet blir i Brattvåg 3.11. kl. 08.15.-12.00, Til dette møtet kallar vi inn alle som skal vere med på revisjonsarbeidet, Frå Sandøy Kim og Gerhard S. Fitje, Ørskog: Morten Sloth-Fjordside og oppsynsmann, Skodje: Frode Helland og Magnar Kvalvik, Haram: Jan Bjarne Valde og Camilla Waagbø Nilsen, frå Ålesund: Bjørn Skulstad, David Mertsching, Karsten Almås og Svein Johansen.

Tobias Dahle vil ha tilbakemelding neste veke ift. Bestilling av hotell m.m., kvar enkelt melder seg på til Tobias Dahle. Kim tek kontakt med Tobias Dahle i veke 41 og ber om at han sett opp forslag til eitt arbeidsopplegg den 14.-15.11 som gjer at nye



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Ålesund får samordna ei felles VA-Norm.

8. Møteplan:

Haram 3.11.2017 kl. 08.15-12. (VA-Norm)

Ørskog 28.11.2017 - kl. 08.30-14.00

Ålesund 19.12.2017 - kl. 08-11.30 (før prosjektleiarforum)

Skodje 17.01.2018 - kl. 08.30-14.00

Sandøy 13.02.2018 - kl. 10.00-15.00

Haram 15.03.2018 - kl. 08.30-14.00

Ørskog 12.04.2018 - kl. 08.30-14.00

Kim A. Breivik, referent.